



## Saksframlegg

### Auke i tilskot til 17. mai komiteen

Utval	Utvallssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg	9/25	03.04.2025

### Endeleg vedtaksrett i saka har OKO -utvalet

#### Dokument i saka:

Fordeling av kulturmidlar 2024 OKO sak 15/24

#### Bakgrunn for saka:

17. Mai komiteen får årleg tilskot på kr 6.500,- frå kommunen. Dei bad i 2024 om at kommunen kan vurdere å auke tilskotet. Mellom anna fordi dei betalar ut igjen eit tilskot til korpset denne dagen, som er over kr 5 000,-. Tilskotet til 17 mai komiteen har vore uendra i mange år, og blir løyvd frå kulturmiddelpotten 1263 som og går til lag og organisasjonar i Fyresdal.

Fordelinga i 2024 var slik:

Fordeling	2022	2023	2024	% 2024
17. mai komitè	6 500	6 500	6 500	
Vest-Telemark Museum	148 341	158 873	170 633	
Idrettsstipend	15 000	15 000	15 000	
Kulturprisen	10 000	10 000	10 000	
Diplom kulturpris +++	5 000	5 000	5 000	
Løypekøyning Veum	30 000	30 000	30 000	
Sum faste tiltak	214 841	225 373	237 133	54 %
<b>Sum fordeling til lag og organisasjonar</b>	<b>227 159</b>	<b>216 627</b>	<b>204 867</b>	<b>46 %</b>
Sum kulturmidlar	442 000	442 000	442 000	100%

Summen som er avsett til kulturmidlar har vore uforandra sidan 2017 er på kr. 442 000,-. Tidlegare har det blitt gjort vedtak som får konsekvensar for tildelinga, dette er dei utbetalingane som ligg inne som faste tiltak. (sjå tabell) I 2024 var dei faste tiltaka totalt kr. 237.133 og resten på kr. 204 867 ( 205 000) blir fordelt til lag og foreiningar. Søknadane blir delt inn i kategoriane: idrettslag, grendehus og andre lag. Barn og unge blir prioritert jfr. Retningsliner for tildeling.

Dersom ein vel å auke tilskotet til 17. mai komiteen med løyving frå kulturmidlane, vil det føre til at tilskotet til dei andre laga reduserast. Dette er ikkje ynskjeleg.

I fjor gjorde OKO utvalet fylgjande vedtak under tildeling av kulturmidlar:

«.....Utvalet oppmodar administrasjonen til å arbeide for å auke summen til kulturmidlar for kommande år. Utvalet ber også om at ein ser på å halde stønaden til Vest - Telemark Museum, samt tilskot til løypeforeninga på Veum, utanom fordelinga av kulturmidlar. ....»

Kulturmidlane blei ikkje auka i budsjettet for 2025, og ein må vurdere saka på ny no.

#### **Vurdering:**

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

**Fyresdal kommune skal styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler.**

Rekneskap frå 17. mai komiteen er tilsendt for 2019, 2022 og 2023. Eg har ikkje fått tilgang til rekneskapen for 2024, men komiteen i år meiner alt har blitt dyrare, og at tilskot frå kommunen bør vere kr 15.000,-

Eg har vald å skilje dei mellom Folkefest og matsal. 17 mai komiteen får tilskotet for å arrangere folkefesta i kommunen. Det er vanleg i heile Noreg at det er foreldre på skulen som står for arrangement rundt 17. mai. I Fyresdal er det 6 klasse som arrangerer. Det er eit stort arbeid, og som «betaling» får klassekassa alle inntekter av matsalen. Dette har eige rekneskap som er nettorekneskap på maten. Eg vel derfor å vise økonomien kvart år kvar for seg.

	2019	2022	2023
<b>Folkefest og anna:</b>			
Inntekter	15 900	15 000	10 200
Utgifter	20 296	14 732	13 872
Overskot/underskot	- 4 396	268	- 3 672
<b>Matsal:</b>			
Inntekter	37 967	59 697	67 551
Utgifter	18 184	30 296	18 739
Overskot/underskot	19 784	29 400	48 812
Utgifter fest i klassa	2600	0 (fekk aldri rekning)	1 497
Bankkonto	- 1 796	6 388	6 631

Då vi ikkje greide å auke kulturmidlane i budsjettet for 2025, tenker ein at saka må vurderast grundig på nytt. Noverande tilskot for å få til eit så stort arrangement som 17. mai og folkefesta er for lite. Det er ynskjeleg å gå inn med fleire midlar.

Ein tenker det då er naturleg at 17 mai komiteen for 2025 får eit tilskot får OKO – utvalet sin pott, og at ein jobbar for å få auke potten til kulturmidlar for 2026, slik at dette ikkje fører til ein reduksjon av tilskotet til andre lag og organisasjonar på sikt.

#### **Konklusjon:**

Fyresdal kommune løyver kr 15.000,- til 17. mai komiteen for 2025, fordelt slik:

Kr 6.500,- med fordeling frå kulturmidlar 1 263 470

Kr 8.500,- OKO utvalet sin disponible pott 1 113 470,

og restsum i potten blir då kr 57 500,-.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune løyver kr 15.000,- til 17. mai komiteen for 2025, fordelt slik:

Kr 6.500,- med fordeling frå kulturmidlar 1 263 470

Kr 8.500,- OKO utvalet sin disponible pott 1 113 470,

og restsum i potten blir då kr 57 500,-.

**Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 03.04.2025**

Samrøystes vedteke

**Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 03.04.2025**

Fyresdal kommune løyver kr 15.000,- til 17. mai komiteen for 2025, fordelt slik: Kr 6.500,- med fordeling frå kulturmidlar 1 263 470 Kr 8.500,- OKO utvalet sin disponible pott 1 113 470, og restsum i potten blir då kr 57 500,-.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur